

## Læreplan i norsk

Dette er ei omsetting av den fastsette læreplanteksten. Læreplanen er fastsett på bokmål.

Fastsett som forskrift av Kunnskapsdepartementet 15.11.2019.  
Eksamensordning fastsett av Kunnskapsdepartementet 29.06.2020.

Gjeld frå 01.08.2020

Gjeld til 31.12.2024



Utgått

## Om faget

### Fagrelevans og sentrale verdier

Norsk er eit sentralt fag for kulturforståing, kommunikasjon, danning og identitetsutvikling. Faget skal gi elevane tilgang til tekstar, sjangrar og det språklege mangfaldet i kulturen og skal bidra til at dei utviklar språk for å tenkje, kommunisere og lære. Faget norsk skal ruste elevane til å delta i demokratiske prosessar og skal førebu dei på eit arbeidsliv som stiller krav om variert kompetanse i lesing, skiving og munnleg kommunikasjon.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnlaget for opplæringa. Faget norsk skal gi elevane innsikt i den rike og mangfaldige språk- og kulturarven i Noreg. Gjennom arbeid med faget norsk skal elevane bli trygge språkbrukarar og medvitne om sin eigen språklege og kulturelle identitet innanfor eit inkluderande fellesskap der fleispråklegheit blir verdsett som ein ressurs. Faget skal styrkje evna elevane har til kritisk tenking og skal ruste dei til å delta i samfunnet gjennom ei utforskande og kritisk tilnærming til språk og tekst. Norskfaget skal gi elevane litterære opplevingar og moglegheit til å uttrykke seg kreativt og skapande. Lesing av skjønnlitteratur og sakprosa skal gi elevane moglegheit til å reflektere over sentrale verdier og moralske spørsmål og bidra til at dei får respekt for menneskeverdet og for naturen.

### Kjerneelement

#### Tekst i kontekst

Elevane skal lese tekstar for å oppleve, bli engasjerte, undre seg, lære og få innsikt i tankane og livsvilkåra til andre menneske. Norskfaget byggjer på eit utvida tekstomgrep. Dette inneber at elevane skal lese og oppleve tekstar som kombinerer ulike uttrykksformer. Dei skal utforske og reflektere over skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk, på svensk og dansk, og omsette tekstar frå samiske og andre språk. Tekstane skal knytast både til kulturhistorisk kontekst og til elevane si eiga samtid.

#### Kritisk tilnærming til tekst

Elevane skal kunne reflektere kritisk over kva slags påverknadskraft og truverde tekstar har. Dei skal kunne bruke og variere språklege og retoriske verkemiddel på formålstenleg vis i eigne munnlege og skriftlege tekstar. Dei skal vise digital dømmekraft og opptre etisk og reflektert i kommunikasjon med andre.

## Munnleg kommunikasjon

Elevane skal få positive opplevingar ved å uttrykkje og utfalde seg munnleg. Dei skal lytte til og byggje på innspel frå andre i faglege samtalar. Dei skal presentere, fortelje og diskutere på formålstenlege måtar både spontant og planlagd, framfor eit publikum og med bruk av digitale ressursar.

## Skriftleg tekstskaping

Elevane skal få oppleve skriveopplæringa som meningsfull. Dei skal kunne skrive på hovudmål og sidemål i ulike sjangrar og for ulike formål, og dei skal kunne kombinere skrift med andre uttrykksformer. Vidare skal dei kunne vurdere tekstane til andre og arbeide vidare med eigne tekstar ut frå tilbakemeldingar.

## Språket som system og moglegheit

Elevane skal utvikle kunnskapar om og eit omgrepsapparat for å beskrive grammatiske og estetiske sider ved språket. Dei skal beherske etablerte språk- og sjangernormer og kunne leike, utforske og eksperimentere med språket på kreative måtar.

## Språkleg mangfald

Elevane skal ha kunnskap om språksituasjonen i Noreg i dag og utforske den historiske bakgrunnen for han. Dei skal ha innsikt i samanhengen mellom språk, kultur og identitet og kunne forstå eigen og andre sin språklege situasjon i Noreg.

## Tverrfaglege tema

### Folkehelse og livsmeistring

I norsk handlar det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring om å utvikle evna elevane har til å uttrykkje seg skriftleg og munnleg. Dette gir elevane grunnlag for å kunne gi uttrykk for eigne kjensler, tankar og erfaringar, noko som er viktig for å handtere relasjonar og delta i eit sosialt fellesskap. Lesing av skjønnlitteratur og sakprosa kan både stadfeste og utfordre sjølvbiletet til elevane og dermed bidra til identitetsutviklinga og livsmeistringa deira.

### Demokrati og medborgarskap

I norsk handlar det tverrfaglege temaet demokrati og medborgarskap om å utvikle dei munnlege og skriftlege retoriske ferdigheitene til elevane, slik at dei kan gi uttrykk for eigne tankar og meningar og delta i samfunnsliv og demokratiske prosessar. Gjennom kritisk arbeid med tekstar og ytringar øver

elevane opp evna til kritisk tenking og lærer seg å handtere meiningsbrytingar gjennom refleksjon, dialog og diskusjon. Lesing av skjønnlitteratur og sakprosa gir elevane innblikk i livssituasjonen og utfordringane til andre menneske. Dette kan bidra til at dei utviklar forståing, toleranse og respekt for synspunkta og perspektiva til andre menneske, og det kan leggje eit grunnlag for konstruktiv samhandling.

## Berekraftig utvikling

I norsk handlar det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling om at elevane skal utvikle kunnskap om korleis tekstar framstiller natur, miljø og livsvilkår, lokalt og globalt. Gjennom å møte tekstmangfaldet i faget, lese kritisk og delta i dialog kan elevane utvikle evna til å forstå og handtere meiningsmotsetningar og interessekonflikhtar som kan oppstå når samfunnet blir endra i ei meir berekraftig retning. Faget norsk bidreg til å bevisstgjere elevane og ruste dei til å handle og påverke samfunnet gjennom språket.

## Grunnleggjande ferdigheiter

### Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i norsk er å kunne samhandle med andre gjennom å lytte, fortelje og samtale. Det inneber å bruke retoriske ferdigheiter og å uttrykkje seg på formålstenleg vis i ulike spontane og førebudde kommunikasjonssituasjonar, inkludert å kunne planleggje og framføre ulike typar munnlege presentasjonar som er tilpassa mottakarane. Norsk har eit særleg ansvar for utviklinga av munnlege ferdigheiter. Utviklinga av munnlege ferdigheiter i norsk går frå tidleg samhandling i leik og faglege aktivitetar til å bruke det munnlege språket stadig meir presist og nyansert i ulike norskfaglege samtalar og presentasjonar.

### Å kunne skrive

Å kunne skrive i norsk er å kunne uttrykkje seg i eit breitt utval skjønnlitterære og sakprega sjangrar. Det inneber å utvikle personlege skriftlege uttrykksmåtar og å beherske skrivestrategiar, rettskriving og oppbygging av tekstar. Å skrive er òg ein måte å utvikle og strukturere tankar på og ein metode for å lære. Norsk har eit særleg ansvar for opplæringa i å kunne skrive. Utviklinga av å kunne skrive i norsk går frå den grunnleggjande skriveopplæringa til å planleggje, utforme og arbeide vidare med tekstar i ulike sjangrar og tilpassa formål, medium og mottakar. Skrivning i norsk inneber å uttrykkje seg med ei stadig større språkleg sikkerheit på både hovudmål og sidemål.

Den første skriveopplæringa skal gå for seg på hovudmålet til elevane.

## Å kunne lese

Å kunne lese i norsk inneber å lese både på papir og digitalt. Det inneber å kunne lese og reflektere over skjønnlitteratur og sakprosa, å beherske lesestrategiar tilpassa formålet med lesinga og å kunne vurdere tekstar kritisk. Lesing i norsk inneber òg å lese samansette tekstar som kan innehalde skrift, bilete, teikningar, tal og andre uttrykksformer. Norsk har eit særleg ansvar for opplæringa i å kunne lese. Utviklinga av å kunne lese i norsk går frå den grunnleggjande avkodinga til å lese, tolke og reflektere over tekstar i ulike sjangrar, for ulike formål og av ulik lengd og kompleksitet.

Den første leseopplæringa skal gå for seg på hovudmålet til elevane.

## Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i norsk er å kunne finne, vurdere og bruke digitale kjelder i arbeid med tekst. Det inneber å bruke digitale ressursar kreativt til å skape samansette tekstar og å utvikle kritisk og etisk medvit om det å framstille seg sjølv og andre digitalt. Utviklinga av digitale ferdigheiter i norsk går frå å lage enkle samansette tekstar til å planleggje, utvikle og redigere samansette tekstar basert på kunnskap om korleis dei forskjellige uttrykksformene verkar saman. Utviklinga inneber òg å vise ein stadig større grad av sjølvstende og dømmekraft i val og bruk av digitale kjelder.

# Kompetansemål og vurdering

## Kompetansemål og vurdering 2. trinn

### Kompetansemål etter 2. trinn

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- lytte til og samtale om skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk
- låne og lese bøker frå biblioteket
- uttrykkje tekstopplevingar gjennom leik, song, teikning, skriving og andre kreative aktivitetar
- samtale om og beskrive korleis ord vi bruker, kan påverke andre
- leike med rim og rytme og lytte ut språklydar og stavingar i ord
- trekkje bokstavlydar saman til ord under lesing og skriving
- lese med samanheng og forståing på papir og digitalt og bruke enkle strategiar for leseforståing
- lytte, ta ordet etter tur og grunngi eigne meiningar i samtalar
- beskrive og fortelje munnleg og skriftleg
- skrive tekstar for hand og med tastatur

- bruke store og små bokstavar, punktum, spørsmålsteikn og utropsteikn i tekstar og samtale om eigne og andre sine tekstar
- lage tekstar som kombinerer skrift med bilete
- utforske og samtale om oppbygginga av og betydninga til ord og uttrykk
- utforske eige talespråk og samtale om forskjellar og likskapar mellom talespråk og skriftspråk

## Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane viser og utviklar kompetanse i norsk på 1. og 2. trinn når dei utforskar og bruker språket i leik og samhandling og til å arbeide vidare med tekstopplevingar. Dei viser og utviklar òg kompetanse når dei trekkjer bokstavlydar saman til ord under lesing og skriving.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst ved å la elevane vere i bevegelse, leike, undre seg og bruke sansane sine. Vidare skal læraren leggje til rette for at elevane utviklar munnleg og skriftleg språk ved å få prøve seg fram og vere kreative. Læraren og elevane skal vere i dialog om utviklinga til elevane i norsk. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få høve til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og kva dei får til betre enn tidlegare. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle ferdigheiter i lesing, skriving og munnlegheit.

## Kompetansemål og vurdering 4. trinn

### Kompetansemål etter 4. trinn

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- lese og lytte til forteljingar, eventyr, songtekstar, faktabøker og andre tekstar på bokmål og nynorsk og i omsetjing frå samiske og andre språk, og samtale om kva tekstane betyr for eleven
- velje bøker frå bibliotek ut frå eigne interesser og leseferdigheiter
- lese tekstar med flyt og forståing og bruke lesestrategiar målretta for å lære
- utforske og formidle tekstar gjennom samtale, skriving, leik, bevegelse og andre kreative uttrykk
- samtale om forskjellen mellom meiningar og fakta i tekstar
- halde munnlege presentasjonar med og utan digitale ressursar
- kombinere ulike uttrykksformer i samansette tekstar
- følgje opp innspel frå andre i faglege samtalar og stille oppklarande og utdjupande spørsmål
- beskrive, fortelje og argumentere munnleg og skriftleg og bruke språket på kreative måtar

- skrive tekstar med funksjonell handskrift og med tastatur
- bruke komma og andre skiljeteikn i tekstar
- bruke fagspråk om setningsoppbygging og bøyning av verb, substantiv og adjektiv i samtalar om språk og om eigne og andre sine tekstar
- reflektere over korleis språkbruken vår påverkar andre, og korleis vi tilpassar og endrar språket i ulike situasjonar
- samanlikne ord og uttrykk i norsk og andre språk
- utforske og samtale om språkleg variasjon og mangfald i nærmiljøet
- utforske forskjellar og likskapar mellom skrivning på hovudmål og sidemål

## Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane viser og utviklar kompetanse i norsk på 3. og 4. trinn når dei les med flyt og forståing og bruker fagspråk i samtalar om språk og tekstar. Dei viser og utviklar òg kompetanse når dei utforskar fagleg innhald, og når dei uttrykkjer seg i munnlege, skriftlege og samansette tekstar.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst ved at elevane får lære gjennom å vere i bevegelse, leike, undre seg og bruke sansane sine. Læraren skal leggje til rette for at elevane lærer gjennom å få prøve seg fram og bruke kreativitet og fantasi i arbeidet med å utvikle munnlege og skriftlege ferdigheiter. Vidare skal læraren leggje til rette for at elevane utviklar kompetanse gjennom praktisk arbeid, samtalar og meningsutvekslingar. Læraren og elevane skal vere i dialog om utviklinga til elevane i norsk. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få moglegheit til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og kva dei får til betre enn tidlegare. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i faget.

## Kompetansemål og vurdering 7. trinn

### Kompetansemål etter 7. trinn

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- lese lyrikk, noveller, fagtekstar og annan skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk, svensk og dansk og samtale om formål, form og innhald
- lese samiske tekstar på norsk og samtale om verdiane som kjem til uttrykk, og korleis stadnamn og personnamn som inneheld dei samiske bokstavane, blir uttalte
- orientere seg i faglege kjelder på bibliotek og digitalt, vurdere kor pålitelege kjeldene er, og vise til kjelder i eigne tekstar
- bruke lesestrategiar tilpassa formålet med lesinga

- skrive tekstar med funksjonell handskrift og med flyt på tastatur
- lytte til og vidareutvikle innspel frå andre og grunngi eigne standpunkt i samtalar
- reflektere etisk over korleis eleven framstiller seg sjølv og andre i digitale medium
- presentere faglege emne munnleg med og utan digitale ressursar
- leike med språket og prøve ut ulike verkemiddel og framstillingsmåtar i munnlege og skriftlege tekstar
- beskrive, fortelje, argumentere og reflektere i ulike munnlege og skriftlege sjangrar og for ulike formål
- skrive tekstar med tydeleg struktur og meistre sentrale reglar for rettskriving, ordbøying og teiknsetjing
- gi tilbakemelding på medelevar sine tekstar ut frå kriterium og bruke tilbakemeldingar i vidare arbeid med eigne tekstar
- bruke fagspråk og kunnskap om ordklassar og setningsoppbygging i samtale om eigne og andre sine tekstar
- utforske og beskrive samspelet mellom skrift, bilete og andre uttrykksformer og lage eigne samansette tekstar
- prøve ut skrivning av tekstar på sidemål
- samanlikne talespråk i nærmiljøet med andre talespråkvariantar i Noreg og med nabospråk
- utforske og reflektere over samanhengen mellom språk og identitet

## Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane viser og utviklar kompetanse i norsk på 5., 6. og 7. trinn når dei les kortare og lengre tekstar i ulike sjangrar og samtaler om form og innhald i tekstane. Dei viser og utviklar òg kompetanse når dei samtaler om og presenterer faglege emne, bruker kjelder kritisk og argumenterer munnleg og skriftleg. Vidare viser og utviklar elevane kompetanse når dei bruker fagspråk i beskrivingar av språkleg variasjon og i samtale om eigne og andre sine tekstar i skriveprosessar.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst ved at elevane får bruke kreativitet og fantasi og arbeide prosessorientert med å utvikle munnlege og skriftlege ferdigheiter. Læraren skal leggje til rette for at elevane utviklar kompetanse gjennom praktisk arbeid, samtalar og meningsutvekslingar og gjennom at dei får arbeide med faglege oppgåver både åleine og saman med andre. Læraren og elevane skal vere i dialog om utviklinga til elevane i norsk. Elevane skal få moglegheit til å prøve seg fram. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få moglegheit til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og kva dei får til betre enn tidlegare. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle ferdigheiter i lesing, skrivning og munnlegheit i arbeid med språk og tekst.

## Kompetansemål og vurdering 10. trinn

### Kompetansemål etter 10. trinn

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- lese skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk og i omsetjing frå samiske og andre språk, og reflektere over formål, innhald, sjangertrekk og verkemiddel i tekstane
- samanlikne og tolke romanar, noveller, lyrikk og andre tekstar ut frå historisk kontekst og eiga samtid
- beskrive og reflektere over eigen bruk av lesestrategiar i lesing av skjønnlitteratur og sakprosa
- lytte til og lese tekstar på svensk og dansk og gjere greie for innhald og språklege trekk
- utforske og reflektere over korleis tekstar framstiller livssituasjonen til unge
- kjenne att og bruke språklege verkemiddel og retoriske appellformer
- bruke kjelder på ein kritisk måte, markere sitat og vise til kjelder på ein etterretteleg måte i eigne tekstar
- utforske og vurdere korleis digitale medium påverkar og endrar språk og kommunikasjon
- bruke fagspråk og argumentere sakleg i diskusjonar, samtalar, munnlege presentasjonar og skriftlege framstillingar om norskfaglege og tverrfaglege tema
- informere, fortelje, argumentere og reflektere i ulike munnlege og skriftlege sjangrar og for ulike formål tilpassa mottakar og medium
- skrive tekstar med funksjonell tekstbinding og riktig teiknsetjing og meistre rettskriving og ordbøying på hovudmål og sidemål
- bruke fagspråk og kunnskap om grammatikk, tekststruktur og sjanger i samtale om og vidare arbeid med tekstar
- uttrykkje seg i ulike sjangrar og eksperimentere med sjangrar på kreative måtar
- lage samansette tekstar og grunngi val av uttrykksformer
- forklare den historiske bakgrunnen for bokmål og nynorsk og reflektere over statusen til dei offisielle språka i Noreg i dag
- utforske språkleg variasjon og mangfald i Noreg og reflektere over haldningar til ulike språk og talespråkvariantar

### Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane viser og utviklar kompetanse i norsk på 8., 9. og 10. trinn når dei les kortare og lengre tekstar i ulike sjangrar, utforskar kontekstane til tekstane og reflekterer over korleis konteksten påverkar teksttolkinga. Dei viser og utviklar òg kompetanse når dei bruker fagspråk, argumenterer, reflekterer og eksperimenterer i munnlege og skriftlege sjangrar og for ulike

formål. Vidare viser og utviklar elevane kompetanse når dei bruker fagspråk i arbeid med å utforske og reflektere over språkleg variasjon og i samtale om egne og andre sine tekstar.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst ved å la elevane få bruke fantasien og oppleve at det å prøve seg fram er ein del av det å lære. Læraren skal leggje til rette for at elevane utviklar uthald i lesing av lengre tekstar og i utforskande arbeid med faglege problemstillingar. Læraren og elevane skal vere i dialog om utviklinga elevane viser i norsk munnleg og i skriftleg hovudmål og sidemål. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få moglegheit til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og kva dei får til betre enn tidlegare. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å vidareutvikle kompetansen sin i faget.

I halvårsvurderingane på 8. og 9. trinn skal læraren gi éin karakter i norsk munnleg og éin i norsk skriftleg. Halvårsvurderinga i norsk skriftleg skal bli gitt ut frå skrivekompetansen eleven har i både hovudmål og sidemål. I halvårsvurderinga for 10. trinn skal læraren gi tre karakterar, som i standpunktvurderinga etter 10. trinn.

## Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i norsk ved avslutninga av opplæringa etter 10. trinn. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at elevane får vist kompetansen sin på varierte måtar som inkluderer forståing, refleksjon og kritisk tenking, i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i norsk munnleg basert på kompetansen eleven har vist når eleven har kommunisert fagleg innhald munnleg. Læraren skal setje karakterar i norsk skriftleg hovudmål og norsk skriftleg sidemål basert på kompetansen eleven har vist i eit utval tekstar i ulike sjangrar og for ulike formål. I vurderinga av norsk skriftleg sidemål skal læraren ta omsyn til at elevane har hatt lengre tid med formell opplæring i hovudmål enn i sidemål.

## Kompetansemål og vurdering vg2 yrkesfaglege utdanningsprogram

### Kompetansemål etter vg2 yrkesfaglege utdanningsprogram

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- lese, analysere og tolke nyare skjønnlitteratur på bokmål og nynorsk og i omsetjing frå samiske og andre språk
- reflektere over korleis tekstar framstiller møte mellom ulike kulturar
- gjere greie for og reflektere over bruken av retoriske appellformer og språklege verkemiddel i sakprosa tekstar

- lytte til andre, bygge opp sakleg argumentasjon og bruke retoriske appellformer i diskusjonar
- bruke ulike kjelder på ein kritisk, sjølvstendig og etterretteleg måte
- kommunisere klart og forståeleg munnleg og skriftleg i yrkesrelevante sjangrar
- bruke relevant fagspråk til å presentere, gjere greie for og dokumentere faglege emne og arbeidsprosessar frå eige utdanningsprogram
- orientere seg i faglitteratur frå eige yrkesfagleg område for å finne, kombinere og vurdere relevant informasjon
- kombinere verkemiddel og uttrykksformer kreativt i eiga tekstsaking
- vurdere og arbeide vidare med eigne tekstar ut frå tilbakemeldingar og faglege kriterium
- skrive tekstar med god struktur og tekstbinding og meistre teiknsetjing og rettskriving på hovudmål
- samanlikne særtrekk ved norsk med andre språk og vise korleis språklege møte kan skape språkendingar
- gjere greie for utbreiinga av dei samiske språka i Noreg, fornorskingspolitikken og dei språklege rettane samar har som urfolk

## Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane viser og utviklar kompetanse norsk på vg2 yrkesfaglege utdanningsprogram når dei utformar tekstar på kreative måtar, og når dei utforskar faglege emne med kritisk bruk av kjelder og presenterer dette i munnlege og skriftlege tekstar med struktur og samanheng. Elevane viser og utviklar òg kompetanse når dei bruker kunnskap om språket som system til å utforske og samanlikne språk, og når dei reflekterer kritisk over eigne og andre sine tekstar.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst ved at elevane får arbeide oppdagande og utforskande, åleine og saman med andre. Læraren og elevane skal vere i dialog om utviklinga elevane viser i norsk. Elevane skal få moglegheit til å prøve seg fram. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få moglegheit til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å arbeide vidare med eigne munnlege og skriftlege tekstar.

I halvårsvurderinga skal læraren i samsvar med standpunktvurderinga gi éin karakter i norsk.

## Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen elevane har i norsk ved avslutninga av opplæringa etter vg2 yrkesfaglege utdanningsprogram. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at elevane

får vist kompetansen sin på varierte måtar som inkluderer forståing, refleksjon og kritisk tenking, i ulike samanhengar. Læraren skal setje éin karakter i norsk etter vg2 yrkesfaglege utdanningsprogram der munnleg og skriftleg kompetanse blir tillagde like stor vekt. Karakteren skal vere basert på den kompetansen eleven har vist når eleven har kommunisert fagleg innhald munnleg, og kompetansen eleven har vist i skriftlege elevtekstar på hovudmål i ulike sjangrar og for ulike formål.

## **Kompetansemål og vurdering vg1 studieførebuande utdanningsprogram**

### Kompetansemål etter vg1 studieførebuande utdanningsprogram

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- lese, analysere og tolke nyare skjønnlitteratur på bokmål og nynorsk og i omsetjing frå samiske og andre språk
- reflektere over korleis tekstar framstiller møte mellom ulike kulturar
- gjere greie for og reflektere over bruken av retoriske appellformer og språklege verkemiddel i sakprosaetekstar
- lytte til andre, byggje opp sakleg argumentasjon og bruke retoriske appellformer i diskusjonar
- bruke ulike kjelder på ein kritisk, sjølvstendig og etterretteleg måte
- greie ut om og drøfte norskfaglege eller tverrfaglege tema munnleg
- skrive fagartiklar som greier ut om og drøftar norskfaglege eller tverrfaglege emne
- bruke fagspråk til å beskrive setningsoppbygginga og samanhengen mellom setningar i arbeid med tekstar
- kombinere verkemiddel og uttrykksformer kreativt i eiga tekstskeping
- vurdere og arbeide vidare med eigne tekstar ut frå tilbakemeldingar og faglege kriterium
- skrive tekstar med god struktur og tekstbinding og meistre teiknsetjing og rettskriving på hovudmål og sidemål
- samanlikne særtrekk ved norsk med andre språk og vise korleis språklege møte kan skape språkendingar
- gjere greie for utbreiinga av dei samiske språka i Noreg, fornorskingspolitikken og dei språklege rettane samar har som urfolk

### Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane viser og utviklar kompetanse i norsk på vg1 studieførebuande utdanningsprogram når dei uttrykkjer seg kreativt, og når dei utforskar faglege emne med kritisk bruk av kjelder og presenterer desse i munnlege og skriftlege tekstar med struktur og samanheng. Elevane viser og utviklar òg kompetanse når dei bruker kunnskap om språket som system til å utforske og

samanlikne språk, og når dei reflekterer kritisk over eigen og andre sin bruk av verkemiddel i tekstar.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst ved at elevane får arbeide oppdagande og utforskande både åleine og saman med andre. Læraren og elevane skal vere i dialog om utviklinga elevane viser i norsk munnleg og i skriftleg hovudmål og sidemål. Elevane skal få moglegheit til å prøve seg fram. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få moglegheit til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å reflektere over eiga læring og som grunnlag for å arbeide vidare med eigne munnlege og skriftlege tekstar.

I halvårsvurderinga skal læraren gi éin karakter i norsk munnleg og éin i norsk skriftleg. Karakteren i norsk munnleg skal bli gitt på bakgrunn av den kompetansen elevane har vist når dei har kommunisert fagleg innhald munnleg. Karakteren i norsk skriftleg skal bli gitt på grunnlag av kortare og lengre elevtekstar i ulike sjangrar på både hovudmål og sidemål.

## **Kompetansemål og vurdering vg2 studieførebuande utdanningsprogram**

### Kompetansemål etter vg2 studieførebuande utdanningsprogram

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- lese norrøne tekstar i omsetjing og samanlikne dei med tekstar frå nyare tid
- lese og tolke tekstar frå 1500 til 1850 i kulturhistorisk kontekst og drøfte korleis dei er relevante i dag
- utforske og reflektere over korleis tekstar frå romantikken og nasjonalromantikken framstiller menneske, natur og samfunn, og samanlikne med tekstar frå nyare tid
- reflektere over sakprosaetekstar og gjere greie for den retoriske situasjonen dei er blitt til i
- skrive fagartiklar som gjer greie for og drøfter tekstar i kontekst
- bruke tilbakemeldingar og kunnskap om språk, tekst og sjanger til å utvikle eigne tekstar
- bruke fagkunnskap og retoriske ferdigheiter i norskfaglege diskusjonar og presentasjonar
- bruke fagspråk til å beskrive særtrekk ved norsk samanlikna med svensk, dansk og norrønt
- gjere greie for den historiske bakgrunnen for språksituasjonen i Noreg i dag

## Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane viser og utviklar kompetanse i norsk på vg2 studieførebuande utdanningsprogram når dei tolkar tekstar i kontekst og samanliknar eldre og nyare tekstar i ulike medium og sjangrar. Elevane viser og utviklar òg kompetanse når dei bruker kunnskap om språket som system til å utvikle egne tekstar og til å samanlikne språk.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst ved at elevane lagar egne problemstillingar og arbeider kreativt for å finne svar på desse. Læraren skal leggje til rette for at elevane utviklar uthald i større arbeid, anten det gjeld lesing av lengre tekstar eller utforskande arbeid med faglege problemstillingar. Læraren og elevane skal vere i dialog om utviklinga elevane viser i norsk munnleg og i skriftleg hovudmål og sidemål. Elevane skal få moglegheit til å prøve seg fram. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få moglegheit til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å vidareutvikle kompetansen sin i faget.

I halvårsvurderinga skal læraren gi éin karakter i norsk munnleg og éin i norsk skriftleg. Karakteren i norsk munnleg skal bli gitt på bakgrunn av den kompetansen elevane har vist når dei har kommunisert fagleg innhald munnleg. Karakteren i norsk skriftleg skal bli gitt på grunnlag av kortare og lengre elevtekstar i ulike sjangrar på både hovudmål og sidemål.

## Kompetansemål og vurdering vg3 studieførebuande utdanningsprogram

### Kompetansemål etter vg3 studieførebuande utdanningsprogram

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- analysere og tolke romanar, noveller, drama, lyrikk og sakprosa på bokmål og nynorsk frå 1850 til i dag og reflektere over tekstane i lys av den kulturhistoriske konteksten og eiga samtid
- utforske og reflektere over korleis tekstar frå den realistiske og den modernistiske tradisjonen framstiller menneske, natur og samfunn
- skrive essay som utforskar og reflekterer over innhald i tekstar
- skrive litterære tolkingar og samanlikningar
- analysere uttrykksformer i samansette tekstar i ulike medium og vurdere samspelet mellom dei
- bruke fagkunnskap og presist fagspråk i utforskande samtalar, diskusjonar og munnlege presentasjonar om norskfaglege emne
- skrive retoriske analysar og tolkingar av sakprosaetekstar

- meistre språklege formkrav på hovudmål og sidemål og skrive tekstar med etterretteleg kjeldebruk og eit presist og nyansert språk
- orientere seg i faglitteratur, vurdere kjelder kritisk og skrive fagartiklar som greier ut om og drøftar norskfaglege emne
- gjere greie for endringar i talespråk i Noreg i dag og reflektere over samanhengar mellom språk, kultur og identitet

## Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane viser og utviklar kompetanse i norsk på vg3 studieførebuande utdanningsprogram når dei analyserer, tolkar og samanliknar tekstar og utforskar kontekstane til tekstane. Elevane viser og utviklar òg kompetanse når dei produserer kortare og lengre tekstar i ulike sjangrar, for ulike formål og mottakarar, og når dei arbeider vidare med eigne tekstar. Vidare viser og utviklar dei kompetanse når dei reflekterer over språk og tekst ved bruk av fagspråk, uttrykkjer seg presist og nyansert munnleg og skriftleg og meistrar språklege formkrav på hovudmål og sidemål.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst ved at elevane får utforske faglege problemstillingar og arbeide kreativt for å finne svar på desse. Læraren skal leggje til rette for at elevane utviklar uthald i større arbeid, anten det gjeld lesing av lengre tekstar eller utforskande arbeid med faglege problemstillingar. Læraren og elevane skal vere i dialog om utviklinga elevane viser i norsk munnleg og skriftleg hovudmål og sidemål. Elevane skal få moglegheit til å prøve seg fram. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få moglegheit til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å vidareutvikle munnleg og skriftleg kompetanse i faget.

I halvårsvurderinga skal læraren gi like mange karakterar som i standpunktvurderinga.

## Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i norsk ved avslutninga av opplæringa etter vg3. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at elevane får vist kompetansen sin på varierte måtar som inkluderer forståing, refleksjon og kritisk tenking, i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i norsk munnleg basert på kompetansen eleven har vist når eleven har kommunisert fagleg innhald munnleg. Læraren skal setje karakter i norsk skriftleg hovudmål og norsk skriftleg sidemål basert på kompetansen eleven har vist i eit breitt utval elevtekstar i ulike sjangrar. I vurderinga av norsk skriftleg sidemål skal læraren ta omsyn til at elevane har hatt lengre tid med formell opplæring i hovudmål enn i sidemål.

## Kompetansemål og vurdering vg3 påbygging til generell studiekompetanse

### Kompetansemål etter vg3 påbygging til generell studiekompetanse

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- lese norrøne tekstar i omsetjing og samanlikne dei med tekstar frå nyare tid
- lese og tolke tekstar frå 1500 til 1850 i kulturhistorisk kontekst og drøfte korleis dei er relevante i dag
- utforske og reflektere over korleis tekstar frå romantikken og nasjonalromantikken framstiller menneske, natur og samfunn, og samanlikne med tekstar frå nyare tid
- reflektere over sakprosaetekstar og gjere greie for den retoriske situasjonen dei er blitt til i
- skrive fagartiklar som gjer greie for og drøftar tekstar i kontekst
- bruke tilbakemeldingar og kunnskap om språk, tekst og sjanger til å utvikle eigne tekstar
- bruke fagkunnskap og retoriske ferdigheiter i norskfaglege diskusjonar og presentasjonar
- bruke fagspråk til å beskrive særtrekk ved norsk samanlikna med svensk, dansk og norrønt
- gjere greie for den historiske bakgrunnen for språksituasjonen i Noreg i dag
- analysere og tolke romanar, noveller, drama, lyrikk og sakprosa på bokmål og nynorsk frå 1850 til i dag og reflektere over tekstane i lys av den kulturhistoriske konteksten og elevane si eiga samtid
- utforske og reflektere over korleis tekstar frå den realistiske og den modernistiske tradisjonen framstiller menneske, natur og samfunn
- skrive essay som utforskar og reflekterer over innhald i tekstar
- skrive litterære tolkingar og samanlikningar
- analysere uttrykksformer i samansette tekstar i ulike medium og vurdere samspelet mellom dei
- bruke fagkunnskap og presist fagspråk i utforskande samtalar, diskusjonar og munnlege presentasjonar om norskfaglege emne
- skrive retoriske analysar og tolkingar av sakprosaetekstar
- meistre språklege formkrav på hovudmål og sidemål og skrive tekstar med etterretteleg kjeldebruk og eit presist og nyansert språk
- orientere seg i faglitteratur, vurdere kjelder kritisk og skrive fagartiklar som greier ut om og drøftar norskfaglege emne
- gjere greie for endringar i talespråk i Noreg i dag og reflektere over samanhengar mellom språk, kultur og identitet

## Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane viser og utviklar kompetanse i norsk på vg3 påbygging til generell studiekompetanse når dei analyserer, tolkar og samanliknar tekstar og utforskar kontekstane til tekstane. Elevane viser og utviklar òg kompetanse når dei produserer kortare og lengre tekstar i ulike sjangrar, for ulike formål og mottakarar, og når dei arbeider vidare med eigne tekstar. Vidare viser og utviklar dei kompetanse når dei reflekterer over språk og tekst ved bruk av fagspråk, uttrykkjer seg presist og nyansert munnleg og skriftleg og meistarar språklege formkrav på hovudmål og sidemål.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst ved at elevane får utforske faglege problemstillingar og arbeide kreativt for å finne svar på desse. Læraren skal leggje til rette for at elevane utviklar uthald i større arbeid, anten det gjeld lesing av lengre tekstar eller utforskande arbeid med faglege problemstillingar. Læraren og elevane skal vere i dialog om utviklinga elevane viser i norsk munnleg og i skriftleg hovudmål og sidemål. Elevane skal få moglegheit til å prøve seg fram. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få moglegheit til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å vidareutvikle munnleg og skriftleg kompetanse i faget.

I halvårsvurderinga skal læraren gi like mange karakterar som i standpunktvurderinga.

## Standpunktvurdering

Standpunktkarakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i norsk ved avsluttinga av opplæringa i norsk etter vg3 påbygging til generell studiekompetanse. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at elevane får vist kompetansen sin på måtar som inkluderer forståing, refleksjon og kritisk tenking, i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i norsk munnleg basert på kompetansen eleven har vist når eleven har kommunisert fagleg innhald munnleg. Læraren skal setje karakter i norsk skriftleg hovudmål og norsk skriftleg sidemål basert på kompetansen eleven har vist i eit breitt utval elevtekstar i ulike sjangrar. I vurderinga av norsk skriftleg sidemål skal læraren ta omsyn til at elevane har hatt lengre tid med formell opplæring i hovudmål enn i sidemål.

## Vurderingsordning

### Standpunkt vurdering

10. trinn: Eleven skal ha tre standpunktkarakterar, éin i norsk munnleg, éin i norsk skriftleg hovudmål og éin i norsk skriftleg sidemål.

Vg2 yrkesfaglege utdanningsprogram: Eleven skal ha éin standpunktkarakter.

Vg3 studieførebuande utdanningsprogram: Eleven skal ha tre standpunktkarakterar, éin i norsk munnleg, éin i norsk skriftleg hovudmål og éin i norsk skriftleg sidemål.

Vg3 påbygging til generell studiekompetanse: Eleven skal ha tre standpunktkarakterar, éin i norsk munnleg, éin i norsk skriftleg hovudmål og éin i norsk skriftleg sidemål.

### Eksamen for elever

10. trinn: Eleven kan bli trekt ut til to dagars skriftleg eksamen som omfattar norsk hovudmål og norsk sidemål. Eksamen skal ha førebuingssdel. Skriftleg eksamen blir utarbeidd og sensurert sentralt. Eleven kan òg bli trekt ut til munnleg eksamen med førebuingssdel. Munnleg eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.

Vg2 yrkesfaglege utdanningsprogram: Eleven kan bli trekt ut til skriftleg eksamen i norsk hovudmål. Eksamen skal ha førebuingssdel. Skriftleg eksamen blir utarbeidd og sensurert sentralt. Eleven kan òg bli trekt ut til munnleg eksamen med førebuingssdel. Munnleg eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.

Vg3 studieførebuande utdanningsprogram: Eleven skal opp til skriftleg eksamen i norsk hovudmål. Skriftleg eksamen blir utarbeidd og sensurert sentralt. Eleven kan òg bli trekt ut til skriftleg eksamen i norsk sidemål. I tillegg kan eleven bli trekt ut til munnleg eksamen med førebuingssdel. Munnleg eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.

Vg3 påbygging til generell studiekompetanse: Eleven skal opp til skriftleg eksamen i norsk hovudmål. Skriftleg eksamen blir utarbeidd og sensurert sentralt. Eleven kan òg bli trekt ut til skriftleg eksamen i norsk sidemål. I tillegg kan eleven bli trekt ut til munnleg eksamen med førebuingssdel. Munnleg eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.

## Eksamen for privatistar

10. trinn: Sjå gjeldande ordning for grunnskuleopplæring for vaksne.

Vg2 yrkesfaglege utdanningsprogram: Privatisten skal opp til skriftleg eksamen i norsk hovudmål. Eksamen skal ha førebuingssdel. Skriftleg eksamen blir utarbeidd og sensurert sentralt. I tillegg skal privatisten opp til munnleg eksamen. Munnleg eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.

Vg3 studieførebuinge utdanningsprogram: Privatisten skal opp til skriftleg eksamen både i norsk hovudmål og i norsk sidemål. Skriftleg eksamen blir utarbeidd og sensurert sentralt. I tillegg skal privatisten opp til munnleg eksamen. Munnleg eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.

Vg3 påbygging til generell studiekompetanse: Privatisten skal opp til skriftleg eksamen både i norsk hovudmål og i norsk sidemål. Skriftleg eksamen blir utarbeidd og sensurert sentralt. I tillegg skal privatisten opp til munnleg eksamen. Munnleg eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.